

FITJAR KYRKJEBLAD



FITJAR KYRKJE
150 ÅR



Nr 5
DESEMBER 2017
ÅRGANG 40



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00
onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Oma, Olav J. 906 38 825
olom@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydsprest:

Lydersen, Friðleif 471 76 743
frly@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øymerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

Framsidedeilete:

Frå jubileumsgudstenesta 19. november.

Foto: Torbjørn Hovland

Redaksjonelt

Ledestjerne

(Einar Skjæråsen)

Vi roper i denne natten:

Gi oss en vei å gå.

Gi oss ennå en stjerne

å feste øynene på.

Gi oss ennå et hjerte,

ikke av vest eller øst,

gi oss et hjerte som favner

all verden - og grenseløst.

Gi oss ennå å gråte

over vårt mørke sted.

Gi oss igjen å høre:

Fred over jorden. Fred!

Gi oss ennå å bryte

opp som de vise menn.

Gi oss i natt en stjerne,

og gi oss å følge den.



"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset
Postboks 10, 5418 Fitjar

Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)
Friðleif Lydersen
Karvel Strømme
Anne Hardeland
Rolf-Atle Rolfsnes
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 14. februar til
kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad kjem etter planen 28. februar. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

Trykk: Nils Sund Trykkeri



Julehelsing frå biskopen Gud i snikkarverkstaden



Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lèt sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.

Halvor Norhaug

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindauget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, svette og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er såra av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggjen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen

si røyst lydte frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggjen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017





Jubileumsgudstenesta



Begge foto: Torbjørn Hovland

Gratulerer med vel gjennomført jubileumsår. No har vi feira at kyrkja er 150 år i eit heilt år.

Olav J. Oma

19. november var det jubileumsgudsteneste. Ei høgtidsam gudsteneste der ordførar Wenche Tislevoll var tekstlesar saman med soknerådsleiar Helga Olsen Aadland. Biskop Halvor Nordhaug preikte om «Jesus som stiller stormen». Etter gudstenesta var det flott fest på bedehuset, mykje folk var med der og. Det var helsingar frå fleire. Ordføraren vår hadde med ei gåve frå kommunen på 100.000,- til orgelprosjektet vårt, med det har vi nær nådd målet for innsamlinga.

Tusen takk.





Glimt frå hausten i kyrkja



1. oktober var det utdeling av "Mi kyrkjebok".

Alle foto: Torbjørn Hovland



22. oktober vart Sebastian Dagsland Helland døypt og 1967-konfirmantane var med i gudstenesta.



Beste korkonsert nokonsinne?



13. oktober fekk ei fullsett fitjarkyrkje oppleve Sunnmøre kristelege ungdomskor, betre kjent som SKRUK.

Torbjørn Hovland

Koret har sidan oppstarten i 1973 vorte dirigert av Per Oddvar Hildre, også kjent som Prots.

Med si malmfulle røyst, sitt skjegg og sin framtoning er han som henta ut av det gamle testamentet. Konserten var A capella (utan instrumenter), og fleire songar var henta frå ur-kristne menigheter i Midt-Austen, sunge på deira lokale språk.

Opningsnummeret var Jesu eiga bøn «Fader vår», sunge på arameisk, det språket Jesus tala. Og det var som om orda gjekk rett til hjartet, utan at øyro skjøna sjølve teksten.

Når koret står spreidd rundt i kyrkjerommet og syng fleirstemt med total presisjon, stor dynamikk og strålande av musikkglede, vart det til tider ei nærast overjordisk oppleving for publikum.

Programmet omfatta salmar, folketonar, gospel og negro-spirituals, men også songar frå Aserbadsjan og frå den syriakiske kyrkja.

Etter sine reiser til restane av menigheter i Midt-Austen, kunne Per Oddvar Hildre fortelja om forfølgjing, fordriking og drap på kristne samfunn som har røtter tilbake til apostolisk tid. Dei er forundra og fortvila over kor lite vestlege land og kyrkjesamfunn bryr seg om den tragiske skjebnen deira. Me glede oss over korsong frå øverste hylle, men dei eksotiske og kjenslesterke songane hadde såleis eit tankevekkande bakteppe.

Ellers måtte Hildre skryta av det tallrike og takksame publikumet og den fabelaktige akustikken i kyrkja.

Og så kunne arrangør Eli Simonsen frå Temakveldgruppa til vår overrasking kunngjere at dirigenten nettopp var tildelt St.Olavs orden for sitt mangeårige arbeide for kor og kultur.

Jubelen var stor, og Prots fekk den perfekte avskjedsgåva; Skjeggshampo til den store audiensen.

Då me til slutt sveva ut i pøsregnet var det ein som meinte at dette måtte ha vore den beste korkonserten i Fitjar kyrkje nokonsinne. Han hadde truleg rett.



Temakveldar

Takk!

Ein Skruk-konsert er vel i hamn! Songarane let om at dei lika seg her. Det er mange som har gjort sitt for det.

I 17 heimar har dørene vorte opna for 39 songarar! Dei vart henta i kyrkja, og dei vart skyssa til Sandvikvåg neste dag. Dei fekk mat og varme! Utruleg flott!

I tillegg var det ikkje radt få sjåførar som møtte opp på Sandvikvåg fredag kveld for å henta songarane!

På bedehuset fekk me låna korttrapper! Det var «ja» med ein gong!

I tillegg var det fleire som jobba for å få alt på plass.

Fitjar er kjend for å vera ei dugnadsbygd. Me er stolte over å bu på Fitjar!

Takk til alle saman frå oss i temakveldgruppa, Benedicte, Anne Britt, Eli og Hildegunn



28. september var det temakveld med Geir Gundersen. Temaet var: "Om å bera symptoma sine med verdigheit".



26. oktober var temaet "Misjonsliv" med Johanne Øvstebø Tvedten, og Fred Ola Bjørnstad + Ole Jørgen Furdal som organist.



Temakveldar i 2018:

25/1: "Midt i livet" - Bente Bratlund, Kjersti Wiik og Trond Fykse

22/2: "Guds hjerte" - Sigrun Jørdre og Turid Bakke Braut

10/3: Konsert med Bjarte Leithaug og Fitjar Barnegospel



Fitjar kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt - Mali



Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Fulaniane i Mali har ein sterk muslimsk tradisjon, men mange vil gjerne lære meir om Jesus Kristus.

Helga Rimmereid

Det vert drive evangeliserande og kyrkjebyggjande arbeid, og både radio, hefte og bøker vert tekne i bruk i formidlinga. Misjonæra jobbar ofte saman med lokale kristne. Ein av desse er Idrissa.

Slutt å gå i kyrkja eller bli kasta ut heimanfrå

Idrissa hørte om Jesus gjennom den kristne lokalradioen. På slutten av 1990-talet fekk han veta at det neste dag skulle koma besøk til landsbyen deira. Det var nokon av dei som lagde fulanisingane på radioen som skulle koma. Han hadde høyrte dei vaksne fulaniane i landsbyen diskutera om det verkeleg var fulaniara som var blitt kristne, eller om det var kvite som snakka godt fulani. Dei bestemte seg for å møte opp, for det var ganske mange som hadde høyrte på desse sendingane. Idrissa var ung då, men sneik seg med og fekk sjå og høyra Mamudu Barry og Boukary Sidibe, stemmene frå radioen. "Dei var ekte fulaniara, og dei var kristne!"

– Slik starta det for meg, fortel Idrissa. Eg fortsette å høyra på radioen, og etter kvart sneik eg meg og inn på gudstenestene i den lokale kyrkja, der dei snakka bambara-språket. Det var mykje flott song der. Så ein dag tok storebroren min meg "på fersken" rett attmed kyrkja, og eg vart satt til veggs. Far min var imam og alle storebrørne mine var Koran-elevar. Eg fekk etter ei stund valet mellom å slutta å gå i kyrkja eller å bli kasta ut heimanfrå. Eg svarte ingenting, men dagen etter vart eg kasta ut.

Dei to første åra som kristen lurde eg ofte på kva eg hadde gjort. Eg sakna familien min, men eg lengta ikkje tilbake til det gamle. Så fekk eg vera med på samlingar med andre kristne fulaniera og forstod at eg ikkje var åleine. Eg fekk besøk av

kristne fulanileiara som støtta meg og bad for meg, og så fekk eg gå nokre år på ein Bibelskule for fulaniera. No er eg gift med ei kristen jenta og me har to ungar.

Idrissa har no blitt programleiar i den kristen radioen Pain de Vie (Livets brød), der han sjølv fekk høyra evangeliet for første gong, og slik bringe han evangeliet vidare til nye fulaniera.

Mali hausten 2017

Det evangeliserande arbeidet blant dei fulanitalande folka i Mali er prega av to ting for tida:

- Militante islamistar utgjør ein stor trussel og har skapt ein vanskeleg sikkerheitssituasjon
- Stor openheit for evangeliet, og fleire personar ynskjer kristen undervisning.

På grunn av uroa og sikkerheitssituasjonen i landet er situasjonen til dei norske misjonæra som er plassert der uklar. NMS føl nøye med på situasjonen og har ei beredskapsgruppe som møtes jamleg for å diskutera førehandsreglar og restriksjonar for arbeidet og misjonæra i Mali.



Foto: Ole Andreas Husøy



Kyrkjelydspresten sí oppsummering

Be for:

- Idrissa og familien hans og for arbeidet med å bringa evangeli-
et ut til fulanifolket via radio

- Dei kristne i Mali; at dei må få styrke for kvar dag og mot til å vera lys og salt og gode vitne om Jesus Kristus

- NMS sitt arbeid i Mali som har fokus på å gje menneske verdig liv og varig håp.

”Då han såg alt folket fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjel-
pelause, som sauar utan gjetar. Då sa han til læresveinane: Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.”

Matteus 9,36-38



Så langt, pr 01.10.17 har Fitjar kyrkjelyd samla inn kr 59.819,- til misjonsprosjektet.

Neste kollekt til misjonsprosjektet vert 1. juledag. Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonum-
mer 8222 02 85057 og merka betalinga med Mali.

Denne hausten har vore annleis for eg har gjort teneste både i Fitjar og på Tysnes. Eg har hatt mesteparten av tida i Fitjar, men ei gudsteneste og ei tenesteveke i månaden på Tysnes.

Friðleif Lydersen

I haust har det skjedd mykje i Fitjar sokn.

Av større ting kan nemnast prostidagen og kyrkjebileet. Prostidagen var ei markering av Martin Luther og reformasjonen. Ein del av prestane i prostiet hadde korte foredrag om Luther og reformasjonen med forskjellige vinklingar. Dagen blei avslutta med gudsteneste i kyrkja med biskop emeritus Ole D. Hagesæther. Han preika over tema «Nåden aleine».

Den 19. nov. feira kyrkja 150-årsdag. Biskop Halvor Nordhaug, prost, nåverande og tidlegare prestar og andre tok del i gudstenesta. Jubileumsgudstenesta og jubileumsfesten verdig høgdepunkt for jubileumsåret, som byrja med bokslepp nov. i fjor og vart avslutta med temakveld nå i nov.

Vi byrja med nytt konfirmantkull i august. Det er 41 konfirmantar dette konfirmantåret. Vi brukar framleis det opplegget vi har brukt dei siste åra. Ei vesentleg endring frå siste konfirmantår er at vi ikkje reiser til Etne, men at vi lagar vår eigen konfirmantleir på Solgry i Sveio kommune. Det er



ressurskrevjande å reise på leir i Etne, difor er det gjort ny vurdering og vi landa på å ha eigen leir i nærområdet.

TenTreff går sin gong med god oppslutnad. Store delar av våren og nå i haust har vi hatt TenTreff kvar fredag. Vi har fått god hjelp frå frivillige både når det gjeld å ha andakt, laga mat og vere i miljøet.

I haust har vi prøvd å få til to samlingar for førre konfirmantkull, men grunna liten oppslutning har vi måtte avlyse samlingane.

I januar blir det Lysvaken. Da blir 6. klassingane invitert til Lysvakenhelg. Dei skal få vere med på mye spennande, mellom anna overnatta i kyrkja og vere med på gudstenesta på søndagen.

I Fitjar er det ikkje vanskeleg å koma i advents- og julestemning. Vi har allereie hatt ei flott lysmesse, så heile fire julekonsertar og som toppen på kransekaka julegudstenestane.

God advent- og juletid til alle!



500 års jubileum for reformasjonen - Nåden åleine

Biskop emeritus Ole Danbolt Hagesæther kom og gjorde reformasjonsdagen til noko særskilt for oss som fekk vera med i kyrkja 31. oktober.

Olav J. Oma

Då vart det markert over heile landet at det var 500 år sidan Martin Luther slo opp tesene sine på kyrkjedøra i Wittenberg, og reformasjonen tok til.

Ei fullsett Fitjar kyrkje fekk vera med og sjå den oppdaginga Luther gjorde på nytt. Nåden åleine. Gamlebiskopen opna ordet for oss, og mange sa etterpå at det var ei sjeldan god preike, og ei fantastisk gudsteneste.

Bremnes kantori var forsongarar og saman med dirigenten sin Jostein Molde og kantor Jan Overweg løfta dei songen i kyrkja til høgder vi sjeldan høyrer.



Vår Gud han er ...

(Martin Luther - 1529)

*Vår Gud han er så fast ei borg,
han er vår skjold og verja.
Han hjelper oss i all den sorg
som hjarta her vil herja.
Vår gamle fiend gram
med ålvor no fer fram.
Stor makt og mangfald list,
det er hans våpen visst,
på jord er ei hans like.*

*Med eigi makt me inkje vann,
det fekk ein usæl ende.
Men med oss gjeng den rette mann
som Herren sjølv oss sende.
Hans namn det veit du visst:
Han heiter Jesus Krist,
den hovding for Guds her,
som eine Frelsar er,
han slaget visst må vinna.*

Foto: Torbjørn Hovland

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon
og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.





Helgatun 16. - 18. februar

Bli med på kyrkjelydstur til Myrkdalen. Det blir enkelt program, noko for kropp og for tru, tid til leik og til å få nye vener.

Påmelding innan 2. februar

til kyrkjekontoret eller Olav Johannes Oma.

kyrkja@fitjar.kommune.no eller olom@fitjar.kommune.no

Prisar for 2 døger:

Vaksne kr 1 380,-

Born 3 - 7 år, kr 595,-

Born 8-15 år, kr 850,-

De må då ha med eige sengetøy.

Orgelprosjektet

Prosjektet har gått over all forventning. Me har fått eit førsteklasses orgel og nytt flott galleri. Takka vere kommunen og gode gjevarar, både bedrifter og private, større og mindre gåver har vi nesten samla inn heile summen som skal til.

På jubileumsfesten den 19. november kom ordførar Wenche Tislevoll med ei flott gåve på 100.000,- frå kommunen.

Me manglar enno nokre kroner for å setja sluttstrek for prosjektet. Vil du hjelpe oss å nå målet finn du meir informasjon på giroen som ligg i bladet.

Tusen takk til kvar og ein.

Jubileumsboka

Kan kjøpast hos Thea Træet eller på kyrkjekontoret. Pris: kr 200,-



OSTERNES BEDEHUS

10.12.	11.00	Gudsteneste
06.01.	19.00	Julefest
10.-12..01.	19.30	Møte Osternes Indremisjon
28.01.	19.30	Sunnhordlandsaksjonen NMS
01.-02.03.	19.30	Møte NLM
17.03.	19.00	Basar - Jenteforeningen



Byron Consort

(Dirigent: Philip Evans)

Julekonsert med engelsk gutekor



Fitjar kyrkje

Fredag 15. desember, kl. 19.30

Billettpris: 150kr - barn under 15 år, gratis

Billetter kan reserverast ved å senda e-post til kyrkja@fitjar.kommune.no



JULEFEST

**For små og store på
Fitjar bedehus
laurdag 30. desember
kl. 16.00**

- * Søndagsskolen med søndagsskuleungane, Bibelagentane og Bibelgiengen deltek.
- * Andakt ved Helga Olsen Aadland
- * Servering av enkel kaffimat
- * Juletrengong, akkompagnert av messingblåsera
- * Kollekt



ALLE er hjarteleg VELKOMNE !



Arr.:
Fitjar søndagsskule



På tur med Nobu

Vi var eit reisefølgje på 14 personar som reiste til Japan 02.-16.nov., saman med Nobu skulle vi få oppleve heimlandet hans. Vi besøkte fleire byar mellom anna Tokyo, Kobe, Hiroshima, Nagasaki o.a., som alle var spennande og interessante byar på kvar sin måte.

Friðleif Lydersen

I Japan er det Shintoismen og Buddhismen som er dei store religionane, mens dei kristne er ein liten minoritet på omlag 1 %. Nobu viste oss fleire Shinto heilagdomar og Buddhistiske tempel, samtidig som han på ein god måte formidla forskjellen på desse to religionane.

Dei sterkaste inntrykka fekk vi nok når vi besøkte Hiroshima Peace Memorial Museum, Nagasaki Atomic Bomb Museum og Twenty-Six Martyrs Museum and Monument. Dei to fyrstnemnde musea hadde som oppgåve å fortelja historia om dei to atombombene. Dei formidla historia på ein god og sterk måte som gjorde inntrykk. Vi fekk historia fortalt ved hjelp av gjenstandar, bilete, film og tekst, som gav oss ein litt betre forståing av dei store konsekvensane bombene hadde og har.

Twenty-Six Martyrs Museum and Monument fortalte historia om dei 26 kristne som blei korsfesta i Nagasaki og dei japanske kristne si historie.

Vi hadde ein flott og spennande tur. Vi opplevde og lærte mykje om japansk historie og kultur.



Alle foto frå Japan:
Friðleif Lydersen

Ein Shinto heilagdom





Ruinane av The Genbaku Dome i Hiroshima



Oura Catholic Church i Nagasaki –
Japans eldste kyrkje



Minnesmerke for dei 26 martyrane i Nagasaki



Et lite barn voks opp til mann

Olav J. Oma

Denne salmen skreiv Edvard Hoem i 1983. Han hadde vakse opp med trua, vore aktiv i skulelaget men forlét trua på 70-talet. Han vart aktiv i AKP(ML). Ikkje fordi at Stalin var meir attraktiv enn Jesus men fordi han ville vera med og heva røysta og knyttneven mot krig og urett i verda.

I ti år var trua borte frå livet hans, men ho kom attende og etter 20 år gjekk han på nytt til alters. Det var etter å ha møtt kristne i Nicaragua, menneske som levde og forkynte

at Guds rike var kome nær. Der møtte eg ei frigjerande og ikkje fordømmande teologi, fortalde Hoem til Vårt Land 27.11.2017.

Han fortel at salmen «Eit lite barn voks opp til mann» vart skrivne medan sonen gjekk på skule i Bergen. Klasseforstandaren, som visste at far til guten var forfattar, spurde om han kunne spørja far sin om å skriva ei salme som klas-sen kunne synga til jul. Det kunne han ikkje sei nei til. No står den i salmeboka på nummer 740, ein ny og litt annleis julesalme.

1 Eit lite barn voks opp til mann
og sa at han var Gud.
Han levde slik som andre, han,
og såg heilt vanleg ut.
Hans rike låg langt borte frå
all sorg og vondskap i vår verd,
og enda bed han oss forstå
at det er inni oss det er.

2 Han sa: Ein fattig går forbi,
og det er meg du ser.
Men vi ser millionar, vi,
i svoltens store hær.
Og når vi veit kva vi har gjort
mot alle desse dine små,
forstår du at vi snur oss bort
ifrå den Gud vi skulle sjå.

3 Men er det sant at dei som bur
i svolten kring vår jord,
er Gud som menneske, da trur
vi òg at du er stor.
Når svoltens hær frå land til land
bryt opp og krev ei anna verd,
vil vi forstå med vår forstand
kva for ein mektig Gud du er.





EL-PROFFEN

www.los-elektro.no
firmapost@los-elektro.no
53 42 21 00



Tlf: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80
Internett: www.mestervindu.no

||| GSE SANDVIK AS
55 60 18 20



FITJAR Sjø og Camping

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*

RYDLAND  

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09 www.rydland.as post@rydland.as

joker
- Rydland 53 49 74 40

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

Hår loftet

OPNINGSTIDER
Mån,tirs,fre..... 9-16
Ons,tors..... 9-18
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren hos oss!

Treff oss i 2. etg i Larsen bygget

For timebestilling ring: **53 49 78 90**

AARBØ & KORSVIK FORSKALING

TLF:
916 46 123



GRONAVIKJO UTVIKLING AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81



Sjøtroll Havbruk AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
919 11 800

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:
975 02381



Visningsenter
Mobilnr: 951 89950



Port Steingard AS
v/Johs Sandvik
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



Fitjar
Bygdekvinne

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>

SPAR



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalveid 27, 5419 Fitjar
Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



Fitjar
FJORDHOTELL
Tlf. 53 45 77 00

**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro
og catering



48 04 19 09



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

HEIMLI
SHIP DESIGN

Fitjarsjoen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Syng med oss !

OSTERNES MANNSKOR

*Galleri
Flora as*



Opningstider:

Måndag - onsdag 09.00 - 16.30

Torsdag - fredag 09.00 - 18.00

Laurdag 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner



Slekters gang

Døypte:

01.10.
Gabriel Nedal Kvamen

08.10.
Elina Helland
Lars Torvund

15.10.
Victor Helland

22.10.
Sebastian Dagsland Helland

12.11.
Sverre Kjørberg Torland
Nelius Eikeland
Maja Sætre Matre
Emma Jakobsen

26.11.
Julie Åmot Helland

Jordfeste:

Tora T. Vestbøstad
f: 19.10.1926 d: 12.09.2017

Arne Halsteinsen
f: 25.03.1954 d: 18.09.2017

Alice Mehammer
f: 07.05.1927 d: 20.09.2017

Margit Helene Øvrebø
f: 25.06.1928 d: 26.10.2017

Kåre Nesbø
f: 30.06.1933 d: 24.11.2017



Gudstenesteliste

Søn.	10.12.	11:00	2sia: Osternes bedehus, gudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til arbeidet på Osternes bedehus
		18:00	Julekonsert, Fitjar skulekorps, musikklaget, felleskor, Osternes mannskor, Fitjar kammerkor og Fitjar kyrkjeor, appell, kollekt til orgelprosjektet.
Søn.	17.12.	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, kontor Jan Overweg, takkoffer til stillinga som kyrkjelydsprest
Søn.	24.12.	14:30/16:00	Julegudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, kontor Jan Overweg, takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Mån.	25.12.	12:00	Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, kontor Jan Overweg, takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt ved NMS i Mali.
Tys.	26.12.	11:00	Øvrebygda bedehus, gudsteneste med nattverd ved sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til Øvrebygda bedehus
Søn.	31.12.	23:15	Gudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen
Mån.	01.01.	12:00	Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, kontor Jan Overweg, takkoffer til Sjømannskyrkja
Søn.	07.01.	11:00	Kristi openb. Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, kontor Jan Overweg, takkoffer til Misjonsalliansen
Søn.	14.01.	11:00	2 sio: Ung messe ved konfirmantane saman med kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen og sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til Sunnhordlandsaksjonen NMS.
Søn.	21.01.	11:00	3sio: Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, kontor Jan Overweg, takkoffer til Den norske Israelmisjon
Tor.	25.01.	19:30	Temakveld
Søn.	28.01.	11:00	Såmannssøn. Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, kontor Jan Overweg, takkoffer til Stefanusalliansen
Søn.	04.02.	11:00	Kristi forklåringsdag Familiegudsteneste, LYS VAKEN 6. klassingar deltek, saman med Olav J. Oma og kontor Jan Overweg, takkoffer til bibelseslskapet
Søn.	11.02.	11:00	Fastelavn: Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, kontor Jan Overweg, takkoffer til stillinga som kyrkjelydsprest
Søn.	18.02.	09:30	1sif: Helgatun, Familiegudsteneste ved sokneprest Olav Johannes Oma, takkoffer til IMS
Tor.	22.02.	19:30	Temakveld
Søn.	25.02.	11:00	2sif: Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, kontor Jan Overweg, takkoffer til Stiftelsen korsvei